

Etiske retningslinjer for Bygg 1 Produkter AS

1. Hovudprinsipp

Bygg 1 Produkter AS (heretter kalla Bygg1) skal ta eit aktivt samfunnsansvar og arbeider etter ein høg miljømessige og sosial standard med utgangspunkt i både nasjonale og internasjonale retningslinjer og konvensjonar.

Alle tilsette i Bygg1, og alle som handlar på vegne av Bygg1, skal opptre i tråd med god forretningsskikk, gjeldande lovverk og forskrifter og allmenne etiske normer. Tilsette skal fare skikkeleg åt og ha ein framferd som viser respekt og skapar tillit i samarbeid med kollegaer, leverandørar, kundar og samfunnet elles.

2. Formål

Disse etiske retningslinjene omhandlar Bygg1 sitt forhold til kundar, leverandørar og selskapets ansvar ovanfor samfunnet. Retningslinjene skal ivareta miljø- og samfunnsansvar i våre leveransar, i våre innkjøp og i vår framferd ovanfor andre.

3. Kven retningslinjene gjeld for

Retningslinjene gjeld for alle tilsette i Bygg1; inkludert konsulentar og alle med styreverv eller tillitsverv som handlar på vegne av Bygg1. Leiarar har eit særskilt ansvar for at medarbeidarar er kjend med og handlar i tråd med retningslinjene.

Krava i Bygg1 sine etiske retningslinjer er minimumskrav. Alle må følgje lover, forskrifter og interne reglar som gjeld for verksemda.

4. Forholdet til kundar, leverandørar og forretningsforbindelsar

4.1 Teieplikt

Alle skal handtere opplysningar om Bygg1 med varsemd, og behandle informasjon som ikkje er offentleg, konfidensielt.

Opplysningar knytt til kundar, leverandørar eller forretningsforbindelsar som det vil være av konkurranse messig betydning å hemmelighalde, er opplysningar bunde av teieplikt.

Denne plikta gjeld også etter tilsettingsforholdets opphør.

4.2 Interessekonflikt

Det er naturleg at det utviklast relasjoner mellom forretningsforbindelsar. Det er viktig at tilsette og styremedlem skal ikkje søkje eller ta imot upassande fordelar eller gode for seg sjølv eller andre, som kan gje opphav til interessekonflikt.

4.3 Fordelar og korruption

Korruption er forbode ved norsk lov og misbruk av tillit for å oppnå fordelar. Korruption er at nokon krev, tek imot eller aksepterer eit tilbod om fordelar eller gode i forbindelse med den stilling, det verv eller det oppdrag dei har.

Alle tilsette og styremedlem skal avstå frå korruption og bestikkelse, også tilretteleggingsbetalingar, i en kvar form. Korruption og påverkingshandel er straffbart jamfør straffelova.

Gåver eller andre gode skal aldri gis eller takast imot i ein samanheng, som går ut over integriteten til den tilsette. Dersom ein utfordrande eller uklar situasjon oppstår, skal tilsette alltid søkje råd med sin nærmeste overordna. Dette gjeld også ved mottak av gåver, reiser eller andre tilstellingar som ein får tilbod om som representant for Bygg1.

Kundearrangement som Bygg1 arrangerer eller tilsette deltek på skal ha eit konkret og fagleg formål. Arrangementet må vere rimeleg og hensiktsmessig når det gjeld både verdi og hyppigkeit. Reise og opphold for Bygg1 sine tilsette dekkast av Bygg1. Våre kundar dekker sine kostnader ved reise og opphold.

5. Etisk handel

Bygg1 skal vere ein pådrivar for etisk handel og pliktar å stille krav til ein etisk leverandørkjede. Bygg1 vil bidra til betring av arbeids- og menneskerettigheter og miljø i produksjon av varer og tenester der vi har høve.

Krava er basert på FN- og ILO-konvensjonar og gjeld som minimumsstandard i tillegg til lovgjeving i produksjonslandet.

Kvitvasking og utføring/ kjøp av svart arbeid er ikkje akseptert.

6. Miljø

Bygg1 skal støtte ein føre-var-tilnærming til miljøutfordringar, ta initiativ til auka miljøansvar.

Bygg1 skal ta miljøvennlege innkjøp der omsyn til produktets livsløpskostnader og miljø- og klimamessige konsekvensar av produksjon og deponering av produktet er vurdert.

Tilrettelegging slik at alle menneske skal kunne delta på ein likestilt måte så langt det er mogleg, utan spesielle tilpassingar eller hjelpermiddel.

7. Lojalitet til avtalar

Alle tilsette i Bygg1, eller som handlar på vegne av Bygg1, pliktar å følgje dei avtalar som firmaet er forplikta av. Dette gjeld både for innkjøp og ved sal.

Handel utanom avtalene vil svekke Bygg1 sitt omdøme.

8. Gjennomføring og fylje

Dagleg leiar i Bygg1 har ansvar for at dei etiske retningslinjene vert implementert og etterlevd i organisasjonen. Dagleg leiar har også ansvaret for oppdatering av retningslinjene.

8. Sanksjonar ved brot på gjeldande regelverk

Brot på gjeldande rekilverk kan medføre disiplinære reaksjonar. Avhengig av alvorsgrad kan brotet medføre munnleg eller skriftleg varsel, oppseiling, avskjed og eventuell melding. Ved tvil om korleis reglane skal tolkast, eller varsling om mogleg brot, skal den tilsette kontakte sin nærmeste overordna.

Vedteke av styret i Bygg 1 Produkter AS,